

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk Seterkultur
Nummer 3 – oktober 2000

Innbald:

- | | |
|--|------|
| Setra - trivsel og møtestad | s. 2 |
| Litt om styret sitt arbeid | s. 3 |
| Representasjon og deltaking | s. 3 |
| Samling i Sunndal | s. 3 |
| Stor dag for Gammelsetra i Grøvudalen | s. 4 |
| 184.000 nye medlemar! | s. 5 |
| Kjerneområde for seterbruk | s. 6 |
| Seterdrift, gjengroing, biol. mangfold | s. 7 |
| Seterbruket får internasjonal pris | s. 8 |



Norsk
Seterkultur

184.000 nye medlemmar!

I sommar fekk vi ein svært tri-veleg telefon - og seinare brev - frå Øystein Dahle, leiar i Den Norske Turistforening, om at han meldte heile organisasjonen kollektivt inn i Norsk seterkultur! Det er sjølsagt organisasjonen som er innmeldt, og godt er det, for vi ville vel ha fått visse vanskar med å handtere så mange nye medlemmar slik "over natta! I allefall, det varmar å få ei slik melding, ei anerkjenning av at det arbeidet vi driv blir sett pris på. DNT har i fleire publikasjonar, både bladet Fjell og Vidde og årboka (m.a. 1997 - *Levende vern*, med artiklar av representantar for Norsk seterkultur), vist seterdrifta og seterkulturen stor oppmerksomheit - vore med og sikra viktig kulturhistorisk dokumentasjon og gjennom fine skildringar gjeve gode argument for at det er viktig å ta vare på og gjerne styrke seterkulturen. Mange stader er det praktisk samarbeid mellom turisthytter og setre, og ikkje få turisthytter har utgangspunkt i gamle setre. Vi ynskjer DNT velkomen som medlem i Norsk seterkultur og som viktig støttespelar både for vern og vidare utvikling av ei viktig drifts- og livsform.

Vi tillet oss å sitere nokre liner frå brevet vi fekk frå Øystein Dahle: -" Når nå Den Norske Turistforening (DNT) ønsker å bli organisasjonsmedlem i Norsk Seterkultur er det for å signalisere støtte til det arbeidet dere gjør og beundring for det arbeidet dere har gjort. Seterkulturen er ikke bare verneverdig som et kulturminne, men i høyeste grad påkrevet som en aktiv og dynamisk del av konseptet Levende Bygder. Seterdrift er viktig for kulturlandskapet, viktig for klok høsting av utmarksressurser, og ikke minst for å gi landskapet liv".

Kjerneområde for seterbruk

Rapporten om **Seterbruket i Oppland - status og virkemidler** er komen. Dokumentet er utarbeidd av Oppland fylkeskommune og Fylkesmannen i Oppland på oppdrag frå Riksantikvaren. I føreordet heiter det at "Seterlandskapet inneholder betydelige produktjonsressurser og natur- og kulturminnefaglige kvaliteter. Men seterbruket har vært i kraftig tilbakegang både i Norge og internasjonalt. Opphør av setring er en hovedtrussel mot bevaring av seterlandskapetets verdier. I vårt land er likevel setring en levende driftsform flere steder. Norge har derfor særlig ansvar for og mulighet til å ta vare på verdiene i seterlandskapet. - Seterbruket har formet et landskap med rike opplevelsesmuligheter, særpreget biologisk mangfold og bygninger og andre kulturminner av høy verdi. Seterbruket leverer landbruks- og reiselivsprodukter med spesielle kvaliteter. I en tid hvor særpreg etterspørres i større grad enn før, blir det spennende å se om Norge klarer å utnytte seterlandskapetets fortrinn". Rapporten inneheld ein omfattande gjennomgang av status for seterbruket i Oppland, ein gjennomgang av regionale og generelle verkemiddel og tiltak, ei vurdering av miljøsituasjonen og ei større spørjeundersøking mellom setereigarane i Vestre Slidre og Nord-Fron. Det er og gjort ei spørjeundersøking i landbruksforvaltninga i kommunane i fylket, forsøksringane og meieria. Rapporten tek vidare for seg hovudtendensar og utfordringar, og endar opp i konklusjonar og tilrådingar.

Viktige vegval

Det blir peika på tre mulege vegar vidare: vidareføring av den tradisjonelle drifta, fellestiltak med

meir intensiv drift og ekstensivering. Dei to sistnemnte er sjølsagt motpolar. Det blir sett på positive og negative konsekvensar av desse ulike vegvala, utan at det eigentleg munnar ut i klåre tilrådingar i høve til dette. - Når forfattarane går inn på framlegg til verkemiddel blir det understreka at det er ein klår trend i resten av Europa at dei miljøretta tilskota til landbruksverksemd rettast mot særskilt verdifulle område og landskapstypar. - "Dersom en ønsker å sikre denne formen for marginalt jordbruk i fremtiden både som produktjonsform og som biotoper kulturmiljøer, er det nødvendig å konsentrere innsatsen i de områdene der seterbruket fortsatt er levende og har et visst omfang. I denne sammenheng er naturlig å se for seg kjerneområder i deler av Norge, der en går inn med særskilte tiltak for å opprettholde driften. I slike område bør det legges vekt både på å opprettholde en tradisjonell drift, samtidig som det legges stor vekt på å utvikle både driftsform og produktspekter i områdene. Seterbruket er ikke bare en spesiell driftsform innen landbruket, men representerer også en egen kulturform der kvinnen - budeia - har stått sentralt". Det blir teke til orde for at sikring av eit utval av setre ut frå kulturhistorisk perspektiv og som referanseområde når det gjeld biologisk mangfold også bør prioriterast. - Det blir elles streka under at utvikling av kjerneområde må utgreiast nærare, og at det vil krevje ei medveta satsing både frå landbruks- og miljøside, samt forskings- og utgreiingsarbeid, som klårgjer konsekvensane av eit slikt val.

Berekraft med omsyn til miljø og økonomi

I rapporten blir det sagt at for at

kjerneområda skal vera berkräftige både med omsyn til miljø og økonomi må det utformast konkrete kriterie som skal sikre:

- Utmarksbeiting og slått/beiting på ikkje fulldyrka mark
- Begrensa transport mellom gard og seter
- Sosialt miljø, aktivitet og overføring av tradisjonar
- Begrensa modernisering av bygningar og sikring av landskapsmessige verdiar
- Positivt økonomisk utbyte av seterdrifta for eigarane

Mellom verkemidla merkar vi oss auka tilskot til mjølkarku/-geit på utmarksbeite, årlege tilskot til skjøtsel av verdifull kulturmark i utmark (STILK) og andre tilskot til beite på slåttemark og setervollar med særlege kvalitetar knytt til biologisk mangfald. Auka tilskot til organisert beitebruk (m.a. til tilsyn) er au med. - Rapporten legg stor vekt på negative tilhøve ved mykje transport mellom gard og seter, røktar/budeie, trasport av for og inntransport av mjølk. Konkret blir det gjort framlegg om mindre tilskot til heimkøyring av for frå fjellet Vidare at det blir gjeve tilskot til dyrking av for i fjellet uavhengig av om arealet blir slege eller beitt. På bygningssida blir det peika på at restaurering av verneverdige bygningar bør prioriterast og at nybygginga bør redusert. Prioritering av BU-tilskot til setring er med, men med klåre vilkår for å sikre miljøkvalitetane. Vidare er det peika på tiltak for å auke vasskvaliteten/-forsyninga, mjølkqualiteten og tiltak for å hindre/reduere forurening.

Auka setertilskot

Det går fram av spørjeundersøkinga at ein heil del setereigarar med mjølkproduksjon ville ha teke opp att seterdrifta dersom tilskotet til setring vart monaleg auka. Såleis munnar rapporten ut i eit framlegg om å doble tilskotet til setring. Her blir det kommentert at kanskje ikkje så mange vil starte opp att drifta, "men en økning av

dette tilskuddet til det dobbelte kan ha som klar effekt at de som i dag setrer fortsetter. En slik økning vil også kunne påvirke til fortsatt melkeproduksjon på setra ved generasjonsskifte." På det reint økonomiske området blir det elles peika på seterbrukarane kunne få auka mjølkkvotar. Optimalisere bruken av innkjøpte innsatsfaktorar og auke i tilskot som kan knytast til aktivitet som er lite kostnads-/ energikrevjande på setra og i utmarksbeite, er og nemnt.

I sluttordet i rapporten går det fram at seterdrifta både blir oppretthalde som ein naudsynt del av gardsdrifta, men like mykje av seterbrukarane sitt tradisjonsmedvet og gleda over å vera på setra. Spørjeundersøkinga syner dette. Det blir slege fast at seterbruket i Noreg representerer ein "unik ressurs både innenfor miljøvern, kulturvern, matkvalitet og opplevelse. Sett i europeisk sammenheng går utviklingen i retning av en kraftig økonomisk og kompetansemessig satsing innenfor regioner eller kjerneområder som har tilsvarende verdier. Dette burde spore til optimisme for utviklingen av rammevilkårene for seterbruket i den nærmeste framtid. Samtidig er seterbruket bare en liten del av en stor næring som på mange måter er presset økonomisk. Generelle politiske grep som ledd i utformingen av landbruket for det 21. århundre kan lett komme til å gjøre ubotelige skader når det gjelder mulighetene for å videreføre tradisjonene knyttet til setermiljøene. Vi mener derfor det bør tenkes nytt når det gjelder virkemidler for seterbruk. En så verdifull, men sårbar driftsform må skjermes og gjøres attraktiv for brukerne gjennom tiltak på en rekke forskjellige områder." Det blir og slege fast at alle verkemidla som er føreslegne treng vidare utgreiing for å sikre at dei stimulerer til driftsformer og tiltak som er berekraftige og tek vare på kulturarven i seterområda.

Seterdrift, gjengroing og biologisk mangfold

Av Anders Bryn, Norsk Institutt for Jord- og Skogkartlegging

Fra seterbrukets storhetstid i 1850-åra har det med få unntak blitt færre og færre seterbrukere, og med det følger lavere utnyttelse av utmarka. Redusert hogst, slått og beite i utmarka rundt setrene gir i de fleste tilfeller gjengroing fra gras- og urtedominert, kulturpreget vegetasjon til lyng- eller buskdominert skogvegetasjon. Hvilke effekter gjengroing av utmark har på arts mangfoldet, skal vi nå se noen eksempler på fra Grimsdalen i Dovre kommune.

Setrene i Grimsdalen ligger rundt 1000 m.o.h., sørvendt og på næringsrik berggrunn. Seterdrifta går tilbake til 1600-tallet, og i 1915 var det rundt 39 setre i drift. Fram til 2. verdenskrig lå også seterbrukerne i vårleigo (vintersetring), så utnyttelsen av utmarksressursene var god. Etter den tid har setringa gått tilbake, og gjennom kartlegging av plantemangfold på flere nivåer har vi funnet noen sammenhenger mellom plantemangfold og gjengroing.

Ved å sammenlikne vegetasjonen i utmarksarealer som tidligere var beita og hogd, men ikke lenger utnyttes med områder det fortsatt beites i, var resultatene ganske entydige. I ung skog (<30 år) er plantemangfoldet redusert, og i eldre skog (>30 år) er det betraktelig redusert. Fra andre områder vet vi at høyt plantemangfold også gir høyt mangfold av bl.a. insekter, fugler, sopp og pattedyr. Nedgangen i mangfold som følger gjengroinga, tilsier derfor at utmarksbeitene rundt setrene bør holdes i hevd, gjerne med variert beiting fra både ku, geit og sau, samt hogst eller tynning.

Hva er det da med gjengroinga som reduserer plantemangfoldet? Tilgangen på lys ser ut til å være viktig for de plantene som for-

svinner med gjengroinga. Det gjengrodde lyng-, busk- og tresjiktet skygger og konkurrerer ut arter tilpasset lysåpne miljøer. Videre favoriserer slått og beite planter som tåler disse inngrepene, enten det skyldes lavt vekstpunkt, tornete greiner, tidlig eller sen blomstring eller kjemiske stoffer som gir planten dårlig smak hos beitedyra. Når slått og beitinga opphører mister disse plantene sine fordeler, mens færre og andre mer vanlige arter tar over.

Hvordan kunne så seterdrifta gi økt plantemangfold? Årsaken er mange, og vi skal nå bare se på noen innlysende eksempler. I pelsen, under klovene, i føret eller i avføringa til husdyrene fulgte frø med opp fra gården til setra. I seterområdene har plantene funnet levekår som likner de på gården og spredt seg i utmarka. Ofte hadde også budeiene med seg planter, enten de nå var til pynt eller nytte, og disse har også spredt seg til utmarka. Videre ga åpningen av landskapet rom for spredning og levevilkår for fjellplanter. I undersøkelser fra Grimsdalen er en stor del av det økte mangfoldet i seterlandskapet fjellplanter. Atter andre planter trives der det er mindre konkurranse eller mer forstyrrelser av andre planter gjennom tråkk, beiting eller slått. Totalt økte dermed mangfoldet av planter gjennom seterdriftas varierte utnyttelse av utmarka, og det er dette mangfoldet som forsvinner ved gjengroing.

Mange av artene som kom inn i et område med seterdrifta, er i dag i tilbakegang og relativt sjeldne. Bare ved å vedlikeholde miljøet plantene lever i kan vi ta vare på dem, og dermed blir videre seterdrift viktig for å opprettholde kulturlandskapet og det biologiske mangfoldet.